

Ber om mekling Rabben/Øyro

06.11.2010



Dette er stridens eple i Rabben/Øyro-saka (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen ved verksemdsleiar Tormod Fossheim har no fylgd opp vedtaket i forvaltningskomiteen og bedt fylkesmannen om mekling i samband med den fastlåste reguleringsplanen.

Fossheim strekar under at kommunen ikkje ynskjer å ta motsegna frå fylkesmannen til følgje.

Om bakgrunnen skriv Fossheim at det to næringsdrivande Rabben og Øyro tidlegare har utvikla seg uavhengig av kvarandre utan samarbeid.

På nokre tidspunkt har det også vore konflikt som har vore underlagt forlikshandtering, opplyser Fossheim.

Fylkesmannen hadde motsegn for campingområdet C3 som i eksisterande reguleringsplan er vist som friluftsområde.

Etter fleire rundar med grunneigarane og drøftingar med miljøvernnavdelinga fann kommunen å oppretthalda planframleggget med campingområdet C3. Dette vart formidla til miljøvernnavdelinga, men fylkesmannen svara i juni i år at motsegna stod ved lag og der står saka framleis.

Av Ola Matti Mathisen